

MØTEINNKALLING

Organ: SOGN REGIONRÅD**Møtestad:** Lærdal rådhus**Møtedato:** 12.06.2020**Tid:** 09:30 - 14:30

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 908 30 284 – Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Dagsorden

- 0930 Ordførar Audun Mo ønskjer velkomen til Lærdal
Oppmøte
Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjenning av protokoll frå møtet 22.4.2020
Handsaming av saker i rådet
- 1030 Interkommunalt tenestesamarbeid framover – innleiing frå Jarle Skartun, leiar i rådmannsgruppa og Ivar Kvalen, leiar i rådet
- 1100 Framhald av saker i rådet (rådmennene har eige møte kl 11-12)
- 1200 Servering
- 1230 Kompetansebehov og samarbeidsområde – innspel og drøfting
Bjørg Kristin Selvik, prorektor for Utdanning og Tone Skjerdal, seniorrådgjevar avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt, Høgskulen på Vestlandet
- 1330 Verdien av å bry seg er god business!
Erlend Fardal Lunde, EFL AS
- 1430 Vel heim

SAKLISTE

Saksnr.	Arkivsaksnr. / Tittel
7/20	20/3736-8 Samarbeidsmodell for kompetanseutvikling i arbeidslivet
8/20	20/4337-3 Regionalt prosjekt om næringsutvikling i Sogn
9/20	20/2966-7 Søknad frå Visit Sognefjord om ekstra bidrag frå Sogn regionråd i 2020 og 2021
10/20	20/4331-10 Mandat for styringsgruppe Sogn for alle
11/20	20/4582-6 Partnerskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn
12/20	20/1894-4 Orienteringssaker

Sogndal, 5. juni 2020

Ivar Kvalen
leiar

Karina Nerland
dagleg leiar

Sogn regionråd

Saksh.: **Karina Nerland**
 Arkivsak: **20/3736**

Arkiv: **038**

Saksnr.: Utval
7/20 Sogn regionråd

Møtedato
12.06.2020

Sak 7/20

Samarbeidsmodell for kompetanseutvikling i arbeidslivet

Tilråding:

Sogn regionråd stiller seg positiv til å delta i samarbeidet.

Vedlegg:

Presentasjon frå nettmøte 21. april 2020

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Vestland fylkeskommune og Hardangerrådet spør om Sogn regionråd sine medlemskommunar ønskjer å delta i ein utvida samarbeidsarena med Hardanger-Voss.

Fylkeskommunen har tre felles pilarar for den regionale kompetansepolitikken:

- Ein regional kompetanseplan/-strategi
- Eit regionalt kompetanseforum
- Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag

Kompetanseforum Vestland er samarbeidsorganet for kompetansearbeidet som fylkeskommunen leier. Modellen er også sett saman av lokale kompetanseforum og kontaktpunkt i sentrale bransjar.

Målet er å leggje til rette for at kompetanse skal drive fram utvikling i arbeidslivet, avdekke kva kompetansegap som fins i arbeidslivet og finne løysingar på korleis desse skal fyllast. Samarbeidet skal gjere partane betre i stand til å utføre oppgåvene dei har på kompetansefeltet.

Kompetanseforum er overordna styringsgruppe for utarbeiding av regionale styringsdokument. Forumet skal jobbe strategisk og samordne det kompetansepolitiske arbeidet i Vestland.

Mandatet for dei lokale kompetansefora er:

- Ha oversikt over den lokale arbeids- og utdanningsmarknaden
- Fange opp lokale kompetansebehov og bidra til at det vert utvikla relevante utdanningstilbod
- Dele gode prosjekt/«beste praksis»
- Bidra til ei heilskapleg karriererettleiing
- Bidra til å få fleire læreplassar og lærebedrifter
- Gje innspel til «Kompetanseforum Vestland» på saker som ikkje kan løysast lokalt

Relevante deltakarar i lokale kompetanseforum: Vidaregåande skule, fagskule, høgskule, karrieresenter, opplæringskontor, regionråd, lokale NAV-kontor, næringshage, næringsforeiningar, studiesenter, kommunar, inkubatorar, næringsklynger, bedrifter. Utdanningsaktørane nyttar dette grunnlaget når dei planlegg sine utdanningstilbod for neste skule-/studieår og etter- og vidareutdanningstilbod.

Fylkeskommunen orienterte på eit nettmøte etter påske om samarbeidsmodellen og Hardangerrådet om sine erfaringar med samarbeidet. Representantar frå Sogndal vidaregåande skule, høgskulen, næringsapparatet og regionrådet deltok. Hardanger-Voss er ein av fem samarbeidsarenaer. Konklusjonen i møtet var at Sogn regionråd koordinerer ei tilbakemelding til fylkeskommunen.

Hardangerrådet legg ikkje opp til noko formell handsaming av saka. Dei ønskjer tilbakemelding frå Sogn.

Samarbeidsmodellen har også vore tema i rådmannsgruppa og i næringsnettverket i mai.

Det vert elles vist til vedlagde presentasjon frå fylkeskommunen frå møtet 21. april.

Fylkeskommunen har bedt Sogn regionråd om å koordinera innspel på kompetansebehov frå bransjar og næringar i regionen. Fristen for å gje innspel til langsiktige tiltak (skuleåret 2021-2022) er utsett til 31. august 2020.

Vurdering:

Nytt fylke opnar for nye samarbeidsrelasjonar og moglegheiter for Hardanger og Sogn. Det har vore drøftingar om felles interesser og moglege samarbeidsområde. Regionane er like på mange område som næringsstruktur, befolkningsutvikling, kultur og natur, og har likskapstrekk som vi kan byggje på i eit samarbeid.

Utvida samarbeidsarena har vore tema i rådmannsgruppa og næringsnettverket i tillegg til det innleiande nettmøte i april. Det har i innspela på det innleiande nettmøte og i rådmannsgruppa vore trekt fram at ein større samarbeidsarena gir moglegheiter for å samordna kompetansebehova, like næringar vil vera ein styrke og ein kan dra nytte av regionane sine erfaringar i kompetansearbeidet. I næringsnettverket (der tre kommunar deltok) var innspelet at ein utvida samarbeidsarena bør drøftast meir og var opptekne av å laga ein struktur som fangar opp Sogn sine behov.

Uavhengig om kommunane ønskjer samarbeidsarena i Sogn eller ilag med Hardanger-Voss, vil det krevje at vi set av ressursar til å skaffe oversikt over den lokale arbeids- og utdanningsmarknaden, fange opp lokale kompetansebehov, bidra til fleire læreplassar og gje innspel til Kompetanseforum. Gjennom tettare samarbeid mellom det offentlege og næringsliv kan vi bli betre i stand til avdekke kompetansebehov og finne løysingar.

Sogn regionråd

Saksh.: **Karina Nerland**
Arkivsak: **20/4337**

Arkiv: **U01**

Saksnr.: Utval
8/20 Sogn regionråd

Møtedato
12.06.2020

Sak 8/20

Regionalt prosjekt om næringsutvikling i Sogn**Tilråding:**

Sogn regionråd sluttar seg til næringsnettverket sitt fellesprosjekt om næringsutvikling i Sogn.

Vedlegg:

Notat om regionalt prosjekt om næringsutvikling i Sogn

Saksutgreiing:**Bakgrunn:**

Næringsnettverket i Sogn har våren 2020 drøfta styrka samarbeid i næringsnettverket. Rådet fekk orientering om arbeidet i møtet i Balestrand 28. februar.

Nettverket ønskjer å styrke innsatsen innan fire utvalde område: Reiseliv, vertskapsrolla for offentlege arbeidsplassar, profilering og rekruttering og teknologi og digitalisering.

Det ligg i mandatet til næringsnettverket at dei kan initiera prosjekt og at prosjekt som krev ressursar går til rådet. Nettverket ber om tilslutting frå rådet. Avklaring om økonomisk finansiering vil gå direkte til kommunane.

Vurdering:

Det er positivt at næringsnettverket ønskjer å samarbeide om fellesprosjekt. Drøftingane i nettverket viser vilje og motivasjon til å ta del i fellesprosjektet, noko som er godt grunnlag for eit regionalt samarbeid. Innsatsområda som nettverket ønskjer å arbeide ilag om fell i stor grad saman med rådet sine prioriterte satsingar i gjeldande regionalplan.

Notat om regionalt prosjekt om næringsutvikling i Sogn

Næringsnettverket i Sogn har våren 2020 utarbeidd eit fellesprosjekt for å styrke den samordna innsatsen innan fire utvalde område:

Innsatsområde 1:	Innsatsområde 2:	Innsatsområde 3:	Innsatsområde 4:
Reiseliv	Vertskapsrolla for offentlege arbeidsplassar	Profilering og rekruttering	Teknologi og digitalisering
Mål:	Mål:	Mål:	Mål:
Samordne og styrke den regionale og kommunale innsatsen for å fremje Sognefjorden som reisemål	Styrke og vidareutvikle dei statlege og regionale offentlege arbeidsplassane i Sogn	Skape ei tydeleg merkevare for Sogn som vert lagt merke til, og fyller den med innhald	Bidra til at Sogn vert leiande i det 4. industrielle skiftet, og tek i bruk ny teknologi og digitalisering for å skape konkurransekraft

Målet er å samordne og styrke innsatsen på desse områda saman med dei lokale næringsapparata. Områda er viktige for alle dei sju kommunane, og har eit stort potensiale for å løyse ut vekst i sysselsetting og innbyggjartal.

Fylkeskommunen er og har vore ein viktig premissgjevar og samarbeidspart for nærings- og samfunnsutvikling. Etter fylkessamanslåinga er regionane gjevne ei tydelegare og meir omfattande rolle som fylkeskommunen sin medspelar i dette arbeidet. Endå ser ein berre starten av denne endringa, og det er sannsynleg at omfanget, og dermed kravet til regionane på den administrative sida, vil auke etter kvart.

Dette prosjektet er starten på eit utvida regionalt samarbeid mellom kommunane. Det er konkret, og byggjer på eit kjent og veldokumentert behov i regionen – seinast i kartlegginga av konsekvensane og mogelegheitene etter covid-19-utbrotet som Sogndal kommune fekk utarbeidd i april. I prosjektet vil ein òg samordne behov som måtte oppstå undervegs som krev regional koordinering.

Næringsnettverket ber regionrådet om tilslutning til prosjektet. Den økonomiske ramma er sett til 1.000.000,- for år 1, og nettverket blir oppmoda om å avklare finansiering direkte med kommunane for snarleg oppstart av arbeidet. Sogndal kommune har teke på seg ansvar for gjennomføring på vegne av nettverket.

Sogn regionråd

Saksh.: **Karina Nerland**
 Arkivsak: **20/2966**

Arkiv: **223 U64**

Saksnr.: Utval
9/20 Sogn regionråd

Møtedato
12.06.2020

Sak 9/20

Søknad frå Visit Sognefjord om ekstra bidrag frå Sogn regionråd i 2020 og 2021

Tilråding:

Sogn regionråd løyver ikkje ekstra midlar til Visit Sognefjord i 2020 og 2021.

Vedlegg:

Søknad frå Visit Sognefjord
 Notat frå orienteringa i rådsmøte 22. april 2020

Saksutgreiing:**Bakgrunn:**

Visit Sognefjord AS søker om utvida tilskot for 2020 og 2021. Reisemålselskapet reknar med sannsynleg bortfall av marknadsbidrag, annonseinntekter og prosjektdeltaking frå reiselivsbedriftene i 2020 og 2021 på kr 2- 2,5 mill som følgje av Covid-19 krisa. Rådet fekk ei orientering om status i næringa, marknaden, Visit Sognefjord sitt arbeid for betre rammevilkåra for reiselivsnæringa og konsekvensane for selskapet.

Visit Sognefjord AS har motteke årleg støtte frå Sogn regionråd på kr 250 000 til internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn. Sist søknad var for to år og det vart i møtet 7.12.2018 løyvd kr 250 000 for kvart av åra 2019 og 2020.

Utover denne årlege løyvinga har rådet i 2019 løyvd desse tilskota til Visit Sognefjord:

- kr 150 000 til sykkelprosjektet Bike & Hike,
- kr 50 000 til Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap (der Visit Sognefjord er prosjektleiar) for utgreiing av moglege løysingar for reisemålsbidrag /fellesgodefinansiering og
- kr 225 000 til masterplanarbeidet for reiselivssatsinga i Sogn 2020-2035 og berekraftig reisemålsutvikling.

Vurdering:

Sogn regionråd har som strategi å støtte reisemålselskapet som verktøy for reisemålsutvikling i regionen. Rådet tok initiativ til arbeidet med å etablere det regionale reisemålselskapet. Reiselivsnæringa er verdast største og raskast veksande næring. Sidan 2013 har sognregionen hatt ein solid auke i talet tilreisande.

Covid-19 gir store konsekvensar for næringslivet i regionen. Reiselivet er hardt ramma. Det vil bli få eller ingen utanlandske turistar i sommar og stort bortfall av inntekter. Marknaden vil endra seg og det vil ta tid (år) før volumet kjem på 2019-nivå. Støtteordningane treff ikkje reiselivsnæringa. Visit Sognefjord har kuttet kostnader og arbeider med tiltak for å

marknadsføre Sogn mot den norske og europeiske marknaden. Deira arbeid er viktig for å få på plass god strategi for produktutvikling, marknadsføring og hjelpe store og små verksemder å tilpasse seg nye marknader.

Sogn regionråd sine avsette fondsmidlar er bundne opp til allereie vedtekne prosjekt. Vi har ikkje ledige fondsmidlar som vi kan løyve som ekstra bidrag til Visit Sognefjord for 2020 og 2021.

Sogn Regionråd

Sogndal, 27. mai 2020

Søknad om utvida tilskot for 2020 og 2021

Visit Sognefjord reknar med sannsynleg bortfall av marknadsbidrag, annonseinntekter og prosjektdeltaking frå reiselivsbedriftene i 2020 og 2021 på NOK 2 – 2,5 mill. som følge av Covid-19 krise.

Visit Sognefjord har tre strategiske fokusområde i denne situasjonen:

- Sikre økonomien til selskapet og situasjonen for dei tilsette i selskapet.
- Oppretthalde størst mogleg innsats i eksisterande prosjekt, tiltak og nye marknads- og salstiltak for å sikre raskast mogleg marknadsvekst for næringa etter krise.
- Påverke til- og informere om støttetiltak for medlemsbedriftene våre.


Marknads- og salstiltak og prosjekta vert oppretthalddt så langt som mogleg, samtidig som selskapet må kutte kostnader i 2020 og 2021. Kostnadsreduksjonane vert gjort knytt til turistinformasjonsdrifta, reisekostnader, endringar i marknads- og salstiltaka og driftskostnader. Vestland fylkeskommune har gitt tilsegn på NOK 900.000 i krisehjelp til Visit Sognefjord for 2020, men det gjenstår framleis om lag 1 – 1,5 mill. i reduserte inntekter samanlikna med budsjett. I tillegg fell den årlege prosjektstøtta frå fylkeskommunen på om lag NOK 1,1 mill. vekk frå 2021 som konsekvens av fylkes-samanslåinga.

Med bakgrunn i dette søker me Sogn regionråd om utviding av tilskotet for 2020 og 2021 frå NOK 250.000 til NOK 500.000 per år til internasjonal og nasjonal marknadsføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn.

Me vonar på positiv handsaming av søknaden.

Beste helsing,

Visit Sognefjord AS



Ståle Brandshaug
reiselivsdirektør

Fra: Ståle Brandshaug [stale@sognefjord.no]

Til: Ståle Brandshaug [stale@sognefjord.no]; Karina Nerland [Karina.Nerland@sogndal.kommune.no]

Kopi:

Sendt: 22.04.2020 10:31:08

Emne: Møte Sogn regionråd

Vedlegg:

- Status næringa:
 - Stengt og permittert
 - Klingenberg, Flåmsbana, Gudvangen camping, Walaker Hotel, Bjordal camping
 - Utfordring: likviditet - halde på permitterte tilsette - gradvis oppstart er ikkje lønsamt. Ref. Kviknes Hotel som eksempel - budsjetterer med 0 i inntekt fram til sommaren 2021, har 17 fast tilsette 12 månader, lever på lån, har normalt ca. 10.000 gjester kvar måned om sommaren, ikkje lønsamt å opne for t.d. 1.000 gjester
- Marknaden:
 - 2020 låg an til å bli den beste sesongen nokon gong for dei fleste bedriftene - høg vekst i mars/april + sommaren.
 - Ikkje ulovleg å reise i Norge elle å halde ope (berre anbefaling), 14 dagar karantene frå utland til juni - kor lenge varer dette?, FHI smittevernreglar for bedriftene = mogleg, men reduserte mottakskapasitet - t.d. familieturar med RIB, 50% av romma opne på hotella, anna type matservering mm.
 - Marknaden: Norge = lite, Utland = usikkert - ref. Tyskland og Spania. Asia = snart klar - ref. Finnair rute Sør Korea - Oslo opnar i juli. VS har monitor på dette med FN og VN.
 - Scenario: litt nordmenn i 2020 - hytte/camping/bobil - få eller ingen utlendingar i sommar - noko trafikk i haust/vinter (Flåm), 70-80% trafikk tilbake i 2021, tilbake til 2019 i 2022.
 - Scenario sum: inntil 15-20% av trafikken i 2020 - 50-60% i vinter - 70-80% i 2021.
- Innspel til rammehøve:
 - Møter kvar veke i Strategisk råd IN og reiselivssjefsgruppa på Vestlandet med FN + B2B forum og Marknadssjefsgruppa FN og Salsjefsgruppa FN
 - VS: direkte NFD, FIN, Næringskomiteen, Finanskomiteen, Stortingspolitikarar + Stortingsbenken samla via Fjord Norge/reiselivssjefane på Vestlandet, NHO, Virke, Norsk reiseliv
 - Del av "eksperttråd for reiseliv" - innspel til Næringsministeren 30. april
 - Lønsstøtte - permitterte ut i arbeid med lønnsstøtte tilsvarende dagpengane. Krav som i kompensasjonsstøtten. Tre fortrinn: ut i arbeid, mister ikkje arbeidstakarar, kan starte tidlegare og gi inntekter til staten mva/arb.giv., kostner ikkje staten noko ekstra (dagpengar)
 - Kompensasjonsstøtte for sesongbedrifter 3 til 6 mnd. - periodisering 12 mnd. + endringar
 - Reisearrangørar må omfattast av kompensasjonsstøtta - ref. refusjonsplikt
 - Auka overføringar til fylkeskommunane og Visit Norway for å sikre auka marknadsvekst
- Visit Sognefjord:
 - Mange/dei fleste reisemålsselskapa har permittert og redusert kraftig i aktivitet - ref. Bergen - fare for å seie opp tilsette. VS har ca. 50% finansiering frå det offentlege - fordel no.
 - VS:
 - Reknar inntektstap frå næringa på 3-4 mill. i 2020 og 1,5 mill. i 2021
 - Har kutta kostnader, t.d. reiser og suspendert TI avtalane (1,3 mill.)
 - Har søkt Vestland fylke om 1,2 mill. - svar på fredag
 - Har søkt Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane om 1,5 mill. til N-kampanje alle - ca. 0,6 til VS
 - Har alle 4 tilsette i arbeid - Norgeskampanje, Nye tiltak mot B2B og B2C utland m/FN/VN, Virtuell fam trip for turoperatørar, SoMe-satsing, film/bilde/innhaldsproduksjon, opplæring i Motimate og IN kurs ila. året, påverknadsarbeid for næringa
 - Ynskjer å søke Sogn regionråde om NOK 250.000 i utvida støtte i 2020 og 2021 for å kompensere for noko av inntekstapet frå næringa (evt. kommunane), dvs. frå 250 til 500'

Beste helsing/best regards

Ståle Brandshaug
Reiselivsdirektør/CEO

Sogn regionråd

Saksh.: **Karina Nerland**
Arkivsak: **20/4331**

Arkiv: **035**

Saksnr.: Utval
10/20 Sogn regionråd

Møtedato
12.06.2020

Sak 10/20

Mandat for styringsgruppe Sogn for alle**Tilråding:**

Sogn regionråd vedtek mandatet for styringsgruppe for Sogn for alle slik det ligg føre.

Vedlegg:

Mandat for styringsgruppa for Sogn for alle - framlegg

Saksutgreiing:

Sogn regionråd vedtok å gjennomføre prosjektet Sogn for alle 14. juni 2019. Målet med *Sogn for alle* er å sikre verdiskaping og vekst gjennom auka sysselsetjing og bulyst blant innvandrara. Rådet vedtok oppretting av styringsgruppe for prosjektet i møte 8. november 2019.

Styringsgruppa har eit overordna ansvar for prosjektet og prosjektresultata, og vert sett saman for å ivareta at *Sogn for alle* bidreg til nærings- og samfunnsutviklinga i kommunane. Styringsgruppa rapporterer til Sogn regionråd. Budsjett, rekneskap og årsmelding inngår som del av verksemda til Sogn regionråd.

Samansetjinga i styringsgruppa framgår av prosjektplanen. Hilmar Høl er leiar av styringsgruppa. Styringsgruppa er samansett av kommunale representantar utpeika av rådmannsgruppa og eksterne som har fått invitasjon. Forslag til representantar vart sendt til rådet på e-post før det gjekk ut invitasjon.

Organisering og viktige oppgåver for styringsgruppa vart beskrive i saksutgreiinga 8. november. Framlegg til mandat og oppgåver vart lagt fram for styringsgruppa for gjennomgang og drøfting på det første møte 3. juni 2020.

Vedlagt følgjer framlegget til mandat for styringsgruppa.



Forslag

Mandat for styringsgruppa i prosjektet *Sogn for alle*

1. Styringsgruppa vert sett saman for å ivareta at *Sogn for alle* bidreg til nærings- og samfunnsutviklinga i kommunane. Sogn regionråd er prosjekteigar og tek ansvar for rekruttering og etablering av prosjektorganisasjonen.
2. Sogn regionråd vel ein av ordførarane til å leie styringsgruppa. Prosjektleiaren er sekretær for styringsgruppa. Prosjektleiaren har saman med dagleg leiar i Sogn regionråd ansvar for å drive fram og koordinere dei ulike tiltaka i prosjektet. Dagleg leiar deltek på styremøta.
3. Sogn regionråd inviterer personar til styringsgruppa. Representantar vert normalt valde for to år.
4. Styringsgruppa rapporterer til Sogn regionråd som folkevald styringsorgan. Sogn regionråd godkjenner handlingsplan, årsmelding og budsjett.
5. Styringsgruppa har eit overordna ansvar for prosjektet og prosjektresultata. Viktige oppgåver for styringsgruppa er å:
 - a) ta initiativ til og byggje opp under utviklingsprosessar
 - b) informera og forankre i eigen organisasjon
 - c) bringe eigne relevante satsingar inn til drøfting i styringsgruppa
 - d) vera pådrivar for å nå måla i prosjektplanen
 - e) bidra til å koordinera tiltak i styringsgruppa og eigen organisasjon.
 - f) bidra til å synleggjere arbeidet i prosjektet
6. Det vert utpeika ansvarlege frå styringsgruppa for dei fem arbeidspakkane (arbeid, språk og samfunn, utdanning, bustad og fritid og familie). I samarbeid med prosjektleiaren har dei ansvar for å sikre utvikling, aktivitet og synleggjering av arbeidet innanfor arbeidspakkane.

Sogn regionråd

Saksh.: **Karina Nerland**
 Arkivsak: **20/4582**

Arkiv: **A56**

Saksnr.: Utval
11/20 Sogn regionråd

Møtedato
12.06.2020

Sak 11/20

Partnerskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn

Tilråding:

Sogn regionråd inviterer Vestland fylkeskommune, NHO Vestland og LO Vestland til å vidareføra partnerskapsavtalen for fleire læreplassar i Sogn.

Om partane kjem med innspel får dagleg leiar i samråd med regionrådsleiar fullmakt til å endra avtalen.

Vedlegg:

Partnerskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn - framlegg

Saksutgreiing:

Sogn regionråd ønskjer å bidra til at det blir fleire læreplassar i Sogn. I 2016 tok regionrådet initiativ til å inngå ein partnerskapsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune, NHO Sogn og Fjordane og LO Sogn og Fjordane. Avtalen vart inngått første gong for tre år. Avtalen vart vidareført for eitt år for å kunne tilpassast ny kommune og fylkeskommune.

I regionalplanen for 2017-2020 er eitt av delmåla at Sogn skal ha eit attraktivt skule- og utdanningstilbod som styrkar samfunnsutviklinga og sikrar verksemdene sine behov. Handlingsplanen for 2020 har som tiltak at regionrådet skal ta initiativ til å vidareføra partnerskapsavtalen.

Å tilby læreplassar er eit viktig virkemiddel for å skaffa arbeids- og næringsliv nødvendig fagkompetanse i åra framover. Behovet for fagarbeidarar vil auka i åra som kjem. Når fleire gjennomfører utdanninga vil dette sikra betre rekruttering og at verksemdene får fagkompetansen dei har behov for.

I Sogn har om lag 200 ungdommar behov for læreplass kvart år. Ikkje alle får læreplass. Formålet med å arbeida gjennom partnerskapen er å samordna innsatsen slik at vi får styrka tilbodet og at vi får fleire læreplassar i Sogn.

Vi har invitert partane med til ny avtale. Etter innspel frå LO Vestland vurderer Vestland fylkeskommune at partnerskapsavtaler bør bli inngått i alle deler av fylket.

Det var tilslutting i rådmannsgruppa i møtet 19. mai til avtalen.

Vurdering:

Det er blitt større merksemd om fagopplæring no enn tidlegare. Søkjartala til yrkesfag er på veg oppover. Å tilby læreplassar er eit viktig virkemiddel for å skaffa næringsliv og samfunnet

nødvendig fagkompetanse i åra framover. Behovet for fagarbeidarar vil auka i åra som kjem og det vil bli kamp om arbeidskraft.

Fokuset for partnerskapen er den viktige samfunnsoppgåve det er med å få fleire lære plassar, og at plassane samsvarer best mogleg med det næringslivet, offentlege verksemdar og ungdommane etterspør. Erfaringane til no er at avtalen er ein god måte å få fram behov og få til god samordning. Det handlar om å spele på lag med andre aktørar for å oppnå felles mål.

Ein partnerskapsavtale koordinerer og avklarar innsatsen til aktørane, og slik kan avtalen medverka til å setje framdrift i tiltaka. Når fleire elevar gjennomfører utdanninga vil fråfallet frå vidaregåande opplæring bli redusert, det vil sikra betre rekruttering og arbeidslivet får faglært kompetanse som det er behov for.

Kommunane blir oppmoda om å syte for forankring, også politisk, i eigen kommune.

Framlegg til ny partnerskapsavtale følgjer vedlagt.

Partnerskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn

Bakgrunn og føremål

Kvar haust er det om lag 200 ungdommar som har behov for læreplass i Sogn. Fylkeskommunen har ansvar for vidaregåande opplæring og tilbodet for lærlingane. Kommunane skal styrke tilbodet til eigne innbyggjarar, og bidra til kompetansebygging og rekruttering av arbeidskraft som det er behov for i lokalt og regionalt arbeidsliv. Både for ungdommane, dei føresette og for bedriftene vil det vere tenleg å avklare læreplass så tidleg som mogleg. Dette vil verke motiverande for mange ungdommar å vite at det står "klar" ein konkret læreplass. Auka motivasjon vil vi vonleg sjå igjen i auka gjennomføring i vidaregåande opplæring, eit av dei viktigaste skule- og ungdomspolitiske måla i landet.

Sogn regionråd vil bidra til at det blir fleire læreplassar i kommunane og i private verksemdar. Regionrådet har som strategi at tilbodet i vidaregåande skule i regionen skal samsvara best mogeleg med det næringsliv, offentlege verksemdar, ungdom og utdanningssøkjande etterspør. NHO og LO vil bidra i samarbeidet med å forankra lærlingeordninga (fagopplæringa) i alle relevante bransjar, slik at det blir skaffa flest mogleg læreplassar til elevar som ønskjer det. Fagopplæringsnemnda er partssamansett og har særleg ansvar for å gi råd og uttale til hovudutval for opplæring i saker som vedkjem fag- og yrkesopplæringa. Fagopplæringsnemnda skal arbeide med rekruttering av læreplassar og lærlingar, og kvalitet i fagopplæringa.

Formålet med å arbeida gjennom partnerskapen er å samordne innsatsen slik at vi aukar tal læreplassar i Sogn og sikrar rekruttering av fagarbeidarkompetanse i arbeids- og næringsliv.

Avtalepartar

Avtalen er mellom Vestland fylkeskommune, NHO Vestlandet, LO Vestland og Sogn regionråd med medlemskommunane Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Tiltak og samarbeidsområde

Dei viktigaste tiltaka og samarbeidsområda vil vera:

- kommunane deltek på samlingar om lærlingordninga
- temaet blir jamleg sett på dagsorden i regionrådet og i kommunane sine nettverk og samarbeidsfora
- LO og NHO deltek i samarbeidsforum saman med kommunane, fylkeskommunen og regionrådet
- LO og NHO profilerer og argumenterer fagleg for behovet for læreplassar overfor kommunane og verksemdene
- informera bedrifter om lærlingordninga for å få fleire bedrifter til å ta inn lærlingar
- informera ungdomsskuleelevar om moglegheitene som fag- og yrkesopplæringa gir og bidra til god rekruttering til yrkesfagleg utdanning
- synleggjera behovet for fagarbeidarar og gode yrkeskvalifikasjonar i arbeidslivet
- få fram betre og meir synlege overgangar frå yrkesutdanning til høgare utdanning
- styrka omdømme og bidra til statusheving for yrkesfagleg utdanning
- fylkeskommunen gjer aktuell statistikk og analyse tilgjengeleg for å auke kunnskapsgrunnlaget om fagopplæring
- kommunane sitt mål er 2,5 lærling pr tusen innbyggjar
- arbeida for offentleg-privat samarbeid om læreplassar
- aktivt arbeide for at fleire arbeidstakarar tek fagbrev til dømes gjennom praksiskandidatordninga

Organisering av samarbeidet

Partane etablerer tenleg samarbeidsstruktur. Partane innarbeider avtalen i sine planar og har ein jamleg dialog for å vidareutvikla samarbeidet. Partane skal syte for å:

- Sikre politisk/administrativ forankring i eigen kommune/organisasjon
- Informera aktivt i alle relevante ledd i eigen kommune/organisasjon
- Informerer kvarandre gjensidig i høve aktuelle arrangement og møte som gjeld arbeidet med å styrka lærlingordninga
- Bringe relevante satsingar inn i samarbeidet
- Bidra til å stilla til rådvelde nødvendige ressursar for å kunne gjennomføre planlagde aktivitetar

Avtaleperiode og evaluering

Avtalen gjeld fram til 31.12.2022. Partane evaluerer føremål, tiltak og resultat og eventuelt justerer partnarskapsavtalen i det årlege møte.

Dato:

Sogn regionråd

Vestland fylkeskommune

LO Vestland

NHO Vestlandet

Sogn regionrådSaksh.: **Karina Nerland**Arkiv: **062**Arkivsak: **20/1894****Saksnr.: Utval**
12/20 Sogn regionråd**Møtedato**
12.06.2020**Sak** 12/20**Orienteringssaker****Orienteringar og drøftingar**

1. Leiar
2. Samferdslegruppa
3. Innspel frå medlemane
4. Programstyret System for styrka læring
5. Styringsgruppa Sogn for alle
6. Rådmannsgruppa
7. Administrasjonen
8. Interkommunalt tenestesamarbeid framover
9. Kompetansebehov og samarbeidsområde – innspel og drøfting
Bjørge Kristin Selvik, prorektor for Utdanning og Tone Skjerdal, seniorrådgjevar
avdeling for kommunikasjon og samfunnskontakt, Høgskulen på Vestlandet
10. Verdien av å bry seg er god business!
Erlend Fardal Lunde, EFL AS

Skriv og meldingar

1. Samarbeidsavtale mellom regionråda og Vestland fylkeskommune, 7. mai 2020
2. Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 – høyring
3. Planprogrammet for regional transportplan 2022-2033 for Vestland - høyring



Vestland fylkeskommune

7. mai 2020

Samarbeidsavtale mellom regionråda og Vestland fylkeskommune

Regionråda i Sogn og Fjordane har gjennom ei årrekke hatt samarbeidsavtale med fylkeskommunen. Dei siste avtalane var toårige og varte ut 2019.

Regionråda byggjer nettverk og samhandlingsarenaer, og skaper oppslutnad om felles regionale utviklingsprosessar. Dermed når vi lokale, regionale og fylkesfemnande mål.

Kommunane løyver årleg midlar til utviklingsarbeid i regionråda og legg ned stor felles innsats for regional utvikling. I tillegg til kontingentmidlane kjem kommunane sin eigeninnsats i eit mangfald av prosjekt og utviklingstiltak. Fram til årsskiftet løyvde Sogn og Fjordane fylkeskommune gjennom samarbeidsavtalen kr 500 000 årleg til kvart regionråd. For regionråda er dette nødvendige tilskot til regionalt utviklingsarbeid.

Vi har høgt ambisjonsnivå. Kommunereform og regionreform har ikkje ført til at vi har redusert på aktivitetsnivået. Tvert imot har vi fleire samarbeidsprosjekt som vi er godt i gang med som til dømes bustadutvikling, reiselivsprosjekt, integrering, entreprenørskap, profilering, rekruttering og kompetanseheving. Når regionråda gyv laus på endå større utfordringar, vonar vi fylkeskommunen vil støtta tilsvarande opp om ambisjonsnivået og finne rom for medfinansiering.

Utan midlar frå fylkeskommunen vil utviklingsarbeidet i regionråda få eit tilbakeslag som er større enn desse midlane skulle tilseie. Kommuneøkonomien varierer og ekstern støtte motiverer og er svært viktig for finansieringa.

Vestland fylkeskommune ønskjer sterke regionråd. Vi er positive til å delta i ein fellesprosess for å utvikla samhandlinga mellom regionråda og fylkeskommunen. Nokre regionråd i det nye fylket har alt starta drøfting av felles interesser og samarbeid med naboregionar. Om dette inneber endring i regionrådsstruktur vil prosessen vise.

Dei regionale utviklingsmidlane som samarbeidsavtalen har utløyst er avgjerande for å gjennomføra prosjekt og tiltak. Samarbeidsavtalane for regionråda i Sogn og Fjordane var for to år (2018-2019), medan dei for regionråda i Hordaland er treårige og varer ut 2020. Vårt innspel til fylkeskommunen er i denne omgang å forlenga avtalane for regionråda i Sogn og Fjordane i eitt år slik at avtalane for alle regionråda i Vestland varer like lenge (ut 2020).

Vi vonar Vestland fylkeskommune stiller seg positive til å vidareføra samarbeidsavtalen og slik sikra handlingsrom for utviklingsarbeid også året vi er inne i.

Vi ser fram til nærare dialog om avtale og vidare samarbeid for utvikling og vekst i heile Vestland.

Med helsing

Hallvard Oppedal
leiar
HAFS regionråd

Alfred Bjørlo
leiar
Nordfjorderådet

Olve Grotle
leiar
Samarbeidsrådet i Sunnfjord

Ivar Kvalen
leiar
Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift.

Vår referanse 2020/1420-4
Dato 06.05.2020

SOGN REGIONRÅD
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 - Høring og offentlig ettersyn

Fylkesutvalet i Vestland vedtok i møte 30. april å sende Utviklingsplan for Vestland på høring og offentlig ettersyn. Utviklingsplanen er ein regional planstrategi etter plan- og bygningslova § 7-1.

Utviklingsplanen har fire hovudmål for utviklinga av Vestland fylke:

- Mål 1 Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg.
- Mål 2 Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling.
- Mål 3 Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland.
- Mål 4 Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping.

Innanfor dei fire måla er det definert fleire strategiar for å oppfylle måla. Utviklingsplanen definerer òg kva regionale planar som skal bli vidareført, og regionale planar som skal bli utarbeidd i perioden 2020-2024.

Meir informasjon om planen kan de finne på Vestland fylkeskommune sine nettsider: vlfk.no/planhoyring.

Fylkeskommunen ønskjer no innspel på innhaldet i Utviklingsplanen, og korleis vi saman kan oppfylle måla. Vi ønskjer spesielt innspel på prioriteringa av regionale planar. Det vert arrangert digitalt høyringsmøte **2. juni**. Meir informasjon kjem på våre nettsider.

Vi ønskjer gjerne at de sender innspel via skjema på [høyringsida](http://hoyringssida), men innspel kan også sendast til post@vlfk.no. Merk innspela med referanse 2020/1420.

Høyringsfrista er **28.juni 2020**.

Eventuelle spørsmål kan rettast til prosjektleiar Hans-Christian Engum på hans-christian.engum@vlfk.no eller telefon 97 14 78 48.

Med helsing

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Vår referanse 2020/52844-1
Dato 29.05.2020

SOGN REGIONRÅD
Postboks 153
6851 SOGNDAL

Invitasjon til å kome med høyringsinnspel til planprogrammet for Regional transportplan 2022 - 2033 for Vestland

Høring planprogram - Regional transportplan 2022 - 2033

Vestland fylkeskommune melder herved oppstart på arbeidet med utforming av Regional transportplan for Vestland.

Planprogram - Regional transportplan 2022 - 2033 er no lagt ut på høring med frist 14.juli 2020. Innspel kan sendast på e-post merka med «2020/52844» til post@vlfk.no. Høyringsframlegget ligg som vedlegg, og finnast på høyringssida for RTP (vlfk.no/hoyring.rtp).

Planprogrammet - Regional transportplan 2022 - 2033 for Vestland fylke vert no lagt ut på høring i samsvar med plan- og bygningslova (pbl) kap. 8, og etter vedtak i fylkesutvalet i Vestland PS 105/2020 den 28.05.2020. Planprogrammet skisserer formålet med planen, organisering, utfordringsbilde og utgreiingsbehov.

Bakgrunn

Grunna fylkessamanslåing, nye fylkeskommunale arbeidsoppgåver innan samferdselssektoren og eit behov for å avklare korleis det nye fylket skal løyse oppgåvene innan samferdselssektoren, vedtok fylkesutvalet i PS 22/2019 at arbeidet med Regional transportplan skulle starte opp. I saka gjorde fylkesutvalet følgjande vedtak:

“Arbeidet med ein felles regional transportplan startar opp parallelt med planstrategien. Det vert lagt til grunn at planstrategien vert vedteken før ny regional transportplan slik at føringar i planstrategien vert lagt til grunn for planen.”

Ei rekke nasjonale og regionale planar legg føringar for arbeidet med RTP for Vestland. Nasjonal transportplan, utviklingsplanen for Vestland, samt berekraftsmåla til FN vert særleg trekt fram som viktige føringar.

Den regionale planen skal i samsvar med pbl § 8-2 leggest til grunn for regionale organ si verksemd, samt for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen.

Regional transportplan for Vestland skal

- Utarbeide mål og delmål for samferdselssektoren i Vestland
- Utarbeide strategiar
- Definere overordna føringar for fordeling av midlar, tiltak og satsingsområde
- Samle styringsdokument innanfor samferdselssektoren i Vestland fylke
- Vurdere behovet for retningslinjer for arealbruk knytt til mellom anna trafikktryggleik, kollektivbetening og avkøyrslar

Planprogrammet skisserer fem plantema

- Fylkesvegnettet
- Mobilitet og kollektivtransport

- Miljøløftet
- Finansiering
- Nasjonale ansvarsområde

Planarbeidet skal ta tak i nokre felles problemstillingar som må løysast på ulike måtar

- Korleis skal fylkeskommunale midlar prioriterast innan samferdselssektoren?
- Korleis skal kollektivtransporten utviklast?
- Korleis skal vi sikre mobiliteten til innbyggjarar samstundes som vi skal nå nullvekstmålet i Bergensområdet?
- Korleis skal samferdselssektoren bygge opp under ein sterk vestlandsregion?
- Korleis skal fylkeskommunen prioritere i sine innspel til nasjonale styresmakter i samband med utarbeiding av neste NTP?

Vestland fylkeskommune sin visjon om å vere berekraftig og nyskapande skal vera synleg i planen.

Siktemålet er at planen skal bli eit godt verkemiddel for å koordinere statleg, fylkeskommunal og kommunale interesser og dermed få eit heilskapleg utviklingsperspektiv innanfor samferdselssektoren.

Offentleg ettersyn

I høyringa ber vi særleg om tilbakemeldingar på:

- Er formålet med planarbeidet tilstrekkeleg omtala?
- Dekker dei skisserte plantema det utfordringsbildet vi har innanfor samferdselssektoren i Vestland?
- Innspel om behov for ny kunnskap, altså andre utgreiingsbehov?
- Kommenterar til organisering, prosess og medverknad

Dersom statlege organ eller kommunar som blir direkte råka av planen har vesentlege innvendingar mot planen sitt formål, gjer fylkeskommunen merksam på at dette må fremjast i samband med offentlege ettersyn av planforslaget, jf. pbl § 8-4.

Høyringsfrist er 14.juli 2020

Eventuelle spørsmål kan rettast til seksjonssjef for transportplanseksjonen Torill Klinker (torill.klinker@vlfk.no) eller prosjektleiar Eva Vinjevoll (eva.vinjevoll@vlfk.no)

Med helsing

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Torill Klinker
Seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Høyringsframlegg - Planprogram RTP 2022 - 2033 for Vestland

Mottakarliste

Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Høyanger kommune	August Gunnarskogsgt. 1	6993	HØYANGER
Kinn kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY
Kvam kommune	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Luster kommune	Rådhuset	6868	GAUPNE
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL